

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5 Fylke: Opland
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Etnedal
 Emne: Vannbæring Bygdelag: Heile bygda
 Oppskr. av: Lærer Martin Lundstein Gard:
 (adresse): Bruflat G.nr. Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle, og utsegn av andre
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I

Å bera vatn med vassåk har frå gammalt vore vanleg overalt i bygden. Vassåket kalla dei her vassele. De n kunne vera lidt over ein meter lang, og uthola på midten, so den låg godt på ekslene, og likeins uthola for nakken. Ein såg jamt vasselar som var fine og foreseggjorde t.d. måla, helst blå, med jarnlenkor og jarnkrok. I fatige heimar kunne ein stundom sjå selar med vidjelenkor og trekrok. Berre ein slags vassele var kjendt her. Til eit umbyte vbar dei den stundom over eine oksli, slik at den eine bytta kom framum og den andre bak, og stydja den då mest med eine handi. Trebyttor bruktest overalt. Men frå 1880 og utover vart dei meir og meir burte.

II

Ein kjenner ikkje til at tvo bar vatn millom seg i kjeraldpå ei stong millom seg, men mjölk bar dei inn frå fj fjöset på den måten. Ei treskive til å hindre skvulping bruktest vist sjeldan på vassbyttor, men derimot på store buttar, der dei t.d. om vinteren laut kjöyra vatn.

III

Å setja vasskaret på ei ski og skyve det fram soleis har ikkje vore brukt her, det ein veit, men at dei dreg vatn på ein kjelke, har ein sett, helst når ein hadde lang veg til brummen.

III

2

IIII

Til stallen var det mannen ,som bar vatnet ,til stove og fjös kven som helst.Der dei hadde tenarar, var det dei som vart ved meste vassberinga, sjölvsagt.

V

För det vart vasspostar, vart alt vatnet bore frå brunnen bekk eller elv, og för pålag 1840 var der, etter det gamle folk veit å fortelja, ingen vaspostar her i bygden.

Men ved den tid kom der rekande hit ein mann, (vannpostmakaren dei kalla) Anna navn kjenner ein ikkje på han, heller ikkje kor han kom i frå eller kor han for ~~xxx~~ hen herifrå. Det var ein stor tjukk mann, seiest det, med ein veldig basröyst, noko tunghöyrd og kjær etter brenn evin. Han la vasspostar på fleire av dei største gardane her. Det kunne ikkje gå sera fort, då han bora ut trestokkane med handkraft. Desse postane vart ikkje lagt inn i stove eller fjös, men til ein stor butt eller eit stort kar, som stod midt på tunet. Dette karæ, som kunne ta 1000 liter eller meir, var då alltid fult av vatn. Mange av grannane kunne og få lov ta vatn her. ("konerne ved vannposten") Slike postar er å sjå den dag i dag men ikkje mange stads.

VI

Om vinteren vart vatnet mange stads kjöyrt på slede, om brunnen traut eller det var langt å bera det. Dei hadde stor vasstunne til det bruk på mange gardar, eller dei hadde store buttar. Då brukte dei stött ei treskive i butten for å hindre skvulping.

VII

No er der vasspostar på dei fleste gardane, til fjös og stove, men mykje over halvparten av heimane her har enno ikkje fått vatn innlagt.

282

Martin Lundsheim.


Opland.
Etnedal.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

Ikke noko av dette er brukt her

M.L.

2368

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING